


# Årsmelding og rekneskap 2010



Sogn regionråd

Aurland kommune  
Balestrand kommune  
Leikanger kommune  
Luster kommune  
Lærdal kommune  
Sogndal kommune  
Vik kommune

Mars 2011

## **Innhold**

<b>1 Sogn regionråd .....</b>	<b>3</b>
1.1 Møte og deltaking .....	3
1.2 Arbeidsgrupper .....	3
1.3 Rekneskap – økonomiske resultat.....	3
<b>2 Aktivitetar i 2010 .....</b>	<b>4</b>
2.1 Felles bu- og arbeidsmarknad .....	4
2.2 Helse .....	4
2.3 Næringsutvikling .....	4
2.3.1 Samferdsle.....	4
2.3.2 Rekruttering .....	5
2.3.3 Tilskot til verksemder .....	5
2.3.4 Reiseliv .....	5
2.4 Sogndal si rolle som regionsenter .....	5
2.5 Utdanning og kompetanse .....	6
2.5.1 Prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" .....	6
2.6 IKT .....	6
2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd .....	6
2.6.2 Geografisk informasjonssystem (GIS).....	7
2.7 Byggjetilsyn .....	7
2.8 Friluftsråd .....	8
2.9 Samarbeidsforsa under Sogn regionråd.....	8
2.9.1 Rådmannsgruppa .....	8
2.9.2 Regionalt ungdomsnettverk.....	8
2.10 Orienteringar og gjesteforedrag .....	8
2.11 Fråsegner frå Sogn regionråd.....	9
<b>3 Rekneskapoversyn - Sogn regionråd .....</b>	<b>10</b>
3.1 Bruk av fondsmidlar .....	11

# 1 Sogn regionråd

## 1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er ein interkommunal samanslutning etter kommunelova § 27. Kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik er medlemmar.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet, og rådet har slik samansetjing:

Luster kommune, Torodd Urnes (leiar)  
Balestrand kommune, Einar Målsnes (nestleiar)  
Aurland kommune, Olav Ellingsen  
Leikanger kommune, Olav Lunden  
Lærdal kommune, Arne Sanden  
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll  
Vik kommune, Marta Finden Halset

I møtet 12. februar vart Torodd Urnes vald til leiar og Einar Målsnes vart vald til nestleiar.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i fast stilling. Stillinga er formelt sett lagt til administrasjonen i Sogndal kommune under eininga fag og utvikling.

Sogn regionråd hadde 6 møte:

12. februar, Aurland  
30. april , Lærdal  
11. juni, Leikanger  
9. september, Fuglesteg  
22. oktober, Sogndal  
3. desember, Balestrand

Det vart handsama 33 saker i løpet av året.

## 1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Samferdslegruppa (1 møte)
- Helsegruppa (1 møte)
- Reiselivsgruppa (2 møte)
- RUP-gruppa (2 møte).

## 1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2010 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune. Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 8 221 069. Av desse utgjer eksterne midlar kr 3 381 658 og refusjon frå kommunane kr 4 839 411.

Det er brukt kr 1 278 083 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 761 764 er avsett til fond. Negativt netto driftsresultat er kr 516 319.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer 119 495 i 2010, og er avsett til fondsmidlar kontingent.

Meirverdiavgiftkompensasjonen som er ført på Sogn regionråd sitt ansvar går til Sogndal kommune i samsvar med avtalen og utgjer kr 154 912.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

## 2 Aktivitetar i 2010

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2009-2012". Planen tek utgangspunkt i regionale utfordringar som: Folketalsutvikling, sysselsetting, pendling, levevilkår og har desse satsingsområda: Felles bu- og arbeidsmarknad, helse, næringsutvikling, Sogndal si rolle som regionsenter og utdanning/kompetanse. Det vert laga tiltaksplan for kvart år.

Det vart inngått samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune også i 2010. Målet med avtalen er å samordna planlegging og gjennomføring av regionalplanen for Sogn regionråd. Dei regionale utviklingsmidlane frå fylkeskommunen utgjer kr 550 000.

RUP-gruppa (regional utviklingsplangruppa) følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

Det vart i 2010 laga retningslinjer for handsaming av søknader til regionrådet.

### 2.1 Felles bu- og arbeidsmarknad

Tal bussavganger Leikanger - Sogndal vart auka i 2010 og gav betra tilbod for pendlarane på denne strekninga.

### 2.2 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Tema har vore drøfta i ordførarsamling og rådmøte.

Leiar i regionrådet er representert i koordineringsrådet i Helse Førde. Dette rådet skal bidra til å utvikla og sikra kvaliteten på samarbeidet og samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

### 2.3 Næringsutvikling

#### 2.3.1 Samferdsle

Samferdslegruppa har arbeidd med desse sakene i 2010:

- Innspel til fylkeskommunen i samband med departementet sin høyringsrunde for anbod av regionale flyruter frå 1.4.2012 om nattstasjonert fly og ettermiddagsavgang frå Bergen

- Det har vore møte med Statens vegvesen og kontakt med naboregionane om vefsambandet Stavanger – Trondheim via Sogn.

### 2.3.2 Rekruttering

#### **Rekrutteringsmesser**

Sogn regionråd deltok på rekrutteringsmessene i regi av Framtidsfylket as i Trondheim, Oslo og Bergen i 2010. Framtidsfylket fekk tilskot kr 65 000 til rekrutteringsmessene. I tillegg kjem eigne kostnader til stand og deltaking.

#### **Kompetanse- og rekrutteringsnettverk**

Fleire offentlege verksemder i Sogn deltek i kompetanse- og rekrutteringsnettverk. For kommunane i Sogn regionråd deltek Bente Bakke, Sogndal kommune, i nettverket.

### 2.3.3 Tilskot til verksemder

#### **Njøs Næringsutvikling**

Sogn regionråd støtta omstilling og utvikling ved forskingsstasjonen på Njøs med kr 200 000 av RUP-midlane i 2010, og er innstilte på å delta i resten av omstillingsperioden.

**Flash studio as** har fått tilskot kr 75 000 for skifilmen Oppdrag Sognefjord som vil bli vist på NRK1.

**Global Future** har fått tilskot kr 25 000 til integreringsprosjektet for høgt utdanna med fleirkulturell bakgrunn og gode norskkunnskaper til sentrale /- leiarstillingar.

**Lærdal Grønt** har fått tilskot kr 60 000 til fagrettleiarstilling ved pakkeria i Sogn i 2 år.

### 2.3.4 Reiseliv

#### **Felles marknadsføring**

Sogn regionråd gav tilskot med kr 240 000 av RUP-midlane til felles marknadsføring av reiseliv i regionen gjennom Visit Sognefjord.

#### **Reiselivsplan for Sogn og Fjordane**

Regionrådet si reiselivsgruppe har delteke i referansegruppa i fylkeskommunen sitt arbeid med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane. Sogn regionråd gav høyringsfråsegn til planen. Planen vart ferdigstilt i 2010.

#### **Discover Sognefjord**

Discover Sognefjord er støtta med kr 75 000 for båtruta Gudvangen og Fjærlandsfjorden.

### 2.4 Sogndal si rolle som regionsenter

På regionsenterkonferansen deltok formannskapsmedlemmar, rådmenn og næringskjefar. I tillegg til føredrag var det gruppearbeid og plenumsdebatt. Konferansen munna ut i nokre oppdrag til

regionrådet som vart teken inn i tiltaksplanen for 2011. Det vart også laga oppsummering frå rådet til Sogndal kommune.

## 2.5 Utdanning og kompetanse

### 2.5.1 Prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn”

Prosjektperioden er 2006-2012. Målet er: *Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen.*

Prosjektet vart utvida til å gjelda barnehage i 2010. Delprosjektet ”Sats på barnehagen – snu Sogn” står også på tre bein: Leiarutdanning, fagnettverk og utvikling av kommunane si rolle som barnehageeigar. Som det første regionrådet i landet har vi inngått ein partnerskapsavtale med NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet. Målet er å styrka barnehagen som læringsarena og skape eit meir inkluderande arbeidsliv.

45 skuleleiarar har fullført leiarutdanning à 30 studiepoeng så langt, kull 1 var ferdig 2009 og kull 2 i 2010. Kull 3 med 33 styrarar, assisterande styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageleiarar på kommunenivå byrja på leiarutdanninga hausten 2010.

Fagnettverka for lærarane vert årleg evaluert og vidareutvikla, og i 2010 hadde vi 14 fagnettverk. Vi ønskjer å utvikla skuleeigarrolla i prosjektet. Det pedagogiske og organisatoriske utviklingsarbeidet i regi av prosjektet kjem i tillegg til eigne interne utviklingsprosessar i skulane og på kommunenivå. Programstyret har vore i dialogmøte med formannskap, utval og kommunestyret om skuleeigarrolla. Programstyret har utover dette hatt 5 møte i 2010. Aurland kommune var vertskap for entreprenørskapsmessa og om lag 600 ungdommar deltok.

Vi har motteke kr 900 000 i fornyingsmidlar frå Fylkesmannen, kr 800 000 i OU-midlar frå KS, kr 100 000 frå programstyret for entreprenørskap og kr 200 000 frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg kjem regionale utviklingsmidlar og kommunane sin eigendel.

Prosjektet har vore presentert for leiinga i KS, fylkesmannen sin styrarkonferanse, og KS Sogn og Fjordane sin kommunekonferanse.

Prosjektleiar er tilsett i full stilling ut prosjektperioden.

## 2.6 IKT

### 2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

#### Kommunenett

Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar. Avtalen gjekk ut i 2009, men er forlenga inntil vidare i påvente av fylkeskommunen sin anbodsrunde.

#### GIS-løysing

Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet. Avtalen frå 2008 er forlenga inntil den blir reforhandla.

### **IKT-faggruppa**

IKT-faggruppa er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd og gruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Gruppa hadde 1 møte i 2010.

### **Breibandutbygging**

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er dagleg leiar i Sogn regionråd.

### **eHelse**

Nettverk som arbeider for sikker og effektiv bruk av elektronisk kommunikasjon i helsesektoren. Sogn regionråd sin representant er Anne-Lise Skeie, Sogndal kommune.

### **IKT Skulenettverk**

Nettverk som arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant var Sture Førre, Luster kommune. John Vange, Vik kommune overtok på hausten.

## **2.6.2 Geografisk informasjonssystem (GIS)**

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på [sognekart.no](http://sognekart.no) der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

### **GIS-prosjekt**

#### a) Prosjekt digitalt planregister

Kommunane i indre Sogn er dei første i fylket som har på plass eit digitalt planregister, og arbeidet vart sluttført våren 2010. Alle gjeldande reguleringsplanar med vedtak og forskrifter i regionen er skanna, georeferert og registrert i digitalt planregister. Alle kartdata med tilknytta dokument er tilgjengeleg for publikum på [sognekart.no](http://sognekart.no).

#### b) Forprosjekt vatn og avlaup

I 2010 fekk vi kr 170 000 av fornyingsmidlane til forprosjekt vatn- og avlaupsnettverk. Målet med forprosjektet er å vurdera registreringskvaliteten og status på rutinar for oppdatering av leidningsnettet.

#### b) Plan- og temadata i Sogn og Fjordane

Hovudprosjektet varer frå 2008-2011, og gjeld heile fylket. Målet med prosjektet er mellom anna å etablera og gjera tilgjengeleg standardiserte digitale kommuneplanar. Sogn regionråd er prosjekteigar og Statens Kartverk er prosjektansvarleg. Vi fekk kr 150 000 av fornyingsmidlane til dette prosjektet.

## **2.7 Byggjetilsyn**

Byggjetilsynprosjektet vart utsett i påvente av etablering av eit interkommunalt selskap i brann og redning. Vi fekk kr 100 000 av fornyingsmidlane for å etablera eit interkommunalt byggjetilsyn. Kommunane sin eigeninnsats kjem i tillegg.

## 2.8 Friluftsråd

Forprosjekt for å greia ut eit interkommunalt friluftsråd starta på hausten. Fylkeskommunen dekker utgifter til prosjektleiing med kr 120 000. Kommunane sin eigeninnsats kjem i tillegg.

## 2.9 Samarbeidsfora under Sogn regionråd

### 2.9.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Rådmannsgruppa får arbeidsoppdrag frå regionrådet og organiserer det i samråd med dagleg leiar. Dagleg leiar i Sogn regionråd skriv møtereferat og deltek i fleire av gruppa sine prosjekt.

Leiar for rådmannsgruppa i 2010 var Tore Eriksen, rådmann i Luster kommune. Gruppa hadde i 2010 6 møte. Viktige saker har vore:

- Arbeidsgjevarkontroll – kommunane held fram i ordninga
- Interkommunalt byggjetilsyn samordna med brann- og redningstenesta
- Miljøsertifisering – felles ordning og avtale for fem av kommunane
- Prioriteringar i GIS-arbeidet framover og oppretta ei GIS-arbeidsgruppe
- GIS-avtalen med Vik kommune
- Innkjøp: m.a. utvida bedriftshelseteneste grunna nye krav og sekretariat for kontrollutvala (bruk av opsjon) og sals- og skjenkekонтролл (bruk av opsjon)
- Årdal si deltaking i prosjekt /tiltak i regi av rådet
- Samhandlingsreforma – informasjonsutveksling
- Krisesenterløysing for 2011

### 2.9.2 Regionalt ungdomsnettverk

Ungdomsnettverket hadde 4 møte i 2010, inkludert eit 2 dagarmøte i Bergen med Bergensklinikken. Nettverket arrangerte kurs i Sogndal i samarbeid med Bergensklinikken om førebyggande ungdomsarbeid (ÖPP). Nettverket disponerer kr. 85 000 av fondsmidlar til aktivitetar. Leiar for nettverket har vore Ole Opheim Røthe, tenesteleiar for kultur i Leikanger kommune.

Nettverket har eigen aktivitetsplan 2010-11, og følgjande tiltak er prioritert i 2010:

1. Møte og kurs
2. Samling for ungdomsarbeidarar/klubbarbeidarar
3. Regional rusundersøking
- 4: ÖPP (Örebro preventionsprogram – førebygging ungdoms-/foreldrearbeid).

Elles har aktiviteten i nettverket vore prega av ein del utskiftingar av medlemmane i nettverket.

## 2.10 Orienteringar og gjesteforedrag

Eksterne gjester til møta i Sogn regionråd:

Hege Johnsen, NHO Sogn og Fjordane

Rektor Bjørg Fritzvold, Sogn jord- og hagebruksskule

Politimeister Johan Brekke, politiet i Sogn og Fjordane  
Dagleg leiar Anne von Oorschot, Framtidsfylket as  
Fylkesdirektør for næring Jan Heggheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune

## 2.11 Fråseigner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd hadde desse fråsegnene i 2010:

- Sogn og Fjordane hagebrukskule som regional utviklingsaktør, 22. februar
- Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane til fylkeskommunen, 11. mai
- Tiltak mot jerv i beiteområde til Miljøverndepartementet, 16. mai
- Innspel til fylkeskommunen om anbod regionale flyruter, 13. september

## Vedlegg

### 3 Rekneskapoversyn - Sogn regionråd

#### Note nr 18 - Rekneskapoversikt - Sogn regionråd

Deltakarkommunar: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Aurland, Vik, Balestrand

	<b>Rekneskap 2010</b>	<b>Revidert budsjett</b>	<b>Vedteke budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-4 839 411,18	-4 197 000,00	-4 167 000,00	-4 188 243
Refusjon frå staten	-142 621			-157 192
Refusjonar frå fylkeskommunen				-150 000
Refusjonar frå andre/private	-104 125			
Overføringer frå staten	-1 620 000,00	-1 338 000,00	-1 310 000,00	-1 450 000
Overføringer frå fylkeskommunar	-710 000,00			-550 000
Overføringer frå andre	-650 000	-690 000	-650 000	
Mva kompensasjon	-154 912			-90 073
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-8 221 069</b>	<b>-6 225 000</b>	<b>-6 127 000</b>	<b>-6 585 509</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	1 123 638	1 328 000	1 328 000	1 268 439
Sosiale utgifter	314 916			339 352
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal	2 804 279,24	1 199 000,00	871 000,00	789 119
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	2 109 212,40	2 450 000,00	2 450 000,00	1 930 963
Overføringer	2 504 836,65	1 798 000,00	1 615 000,00	2 304 525
Fordelte utgifter				405 532
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>8 856 883</b>	<b>6 775 000</b>	<b>6 264 000</b>	<b>7 037 930</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>635 814</b>	<b>550 000</b>	<b>137 000</b>	<b>452 421</b>
<b>EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>				
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	858			
Renteinntekter	-120 353			-94 452
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-119 495</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-94 452</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>516 319</b>	<b>550 000</b>	<b>137 000</b>	<b>357 969</b>
<b>AVSETJINGAR</b>				
<b>Bruk av avsetjingar</b>				
Bruk av bundne fond	-1 278 083,16	-550 000,00	-137 000,00	-1 261 158
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-1 278 083</b>	<b>-550 000</b>	<b>-137 000</b>	<b>-1 261 158</b>
<b>Avsetjingar</b>				
Avsetjingar til bundne fond	761 764,47			903 188
<b>Sum avsetjingar</b>	<b>761 764</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>903 188</b>
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1</b>
<b>Oversikt over fond Sogn regionråd</b>				
	<b>31.12.2010</b>	<b>31.12.2009</b>		
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT	-1 136 226	-1 102 215		
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM	-73 501	-84 642		
FOND SOGN REGIONRÅD-REISELIV	-146 524	-121 524		
FOND SOGN REGIONRÅD-GIS	-310 933	-729 955		
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN	-167 517	-167 517		
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE	-1 300 764	-996 244		
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE FAGNETTVERK	0	-14 066		
FOND SOGN REGIONRÅD-KONFERANSE	-5 039	-53 307		
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTIGENT	-440 775	-1 033 127		
FOND SOGN REGIONRÅD-BYGGETILSYN	-100 000			
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT	-104 999	0		
<b>SUM</b>	<b>-3 786 278</b>	<b>-4 302 598</b>		

### **3.1 Bruk av fondsmidlar**

Fondsmidlar utgjer kr 3 786 278 pr 31.12.2010.

#### **1. Div prosjekt**

Fondsmidlar kr 1 136 226 er unytta RUP-midlar (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane. Det vart overført kr 90 305 til Årdal kommune ved utmeldinga.

#### **2. Ungdom**

Fondsmidlar kr 73 501 er unytta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

#### **3. Reiseliv**

Fondsmidlar kr 146 524 er unytta RUP-midlar frå fylkeskommunen og kommunane.

#### **4. GIS (geografisk informasjonsystem)**

Av fondsmidlar kr 310 933 går kr 150 000 til Statens Kartverk til prosjektleiing for "Plan og temadata i Sogn og Fjordane". Kr 160 933 utgjer unytta midlar til forprosjektet vatn og avlaup.

#### **5. Barnevern**

Midlar som står att etter forprosjektet og kan nyttast til t.d. kursing i felles fagsystem eller til prosjektarbeid i kommunane.

#### **6. Skule**

Fondsmidlar kr 1 300 764 utgjer i hovudsak unytta statlege midlar. Midlane er avsett til prosjektleiing, entreprenørskapsarbeid i skulane og tiltak knytt til rolla som skuleeigar.

#### **7. Konferanse**

Midlane er overskot frå Landskonferansen i 2008, og vart brukt til å finansiera regionsenterkonferansen i oktober (honorar og reiseutgifter til førelesarar). I tillegg vart det overført kr 8 736 Årdal kommune ved utmeldinga.

#### **8. Kontingent**

Fondsmidlane finansierte fagnettverka i skulen med kr 300 241, overføring til Årdal kr 136 525 ved utmeldinga og kr 208 981 for eigenfinansiering i GIS-prosjektet digitalt planregister. Det er elles eit lite overskot for drift av regionrådet og rådmannsgruppa i tillegg til renteinntektene frå Sogndal kommune på kr 119 495.

#### **9. Byggjetilsyn**

Fornyingsmidlar til hovudprosjektet med kr 100 000 vil gå til å finansiera etablering av tilsynet som vert integrert med Sogn brann og redning IKS.

#### **10. IKT**

Sogn regionråd har motteke tilskot frå fylkeskommunen via Vestlandsforsking kr 100 000 for fagleg oppfølging i samband med breibandløftet 5.